

Møteprotokoll

Utval:	Fylkesutvalet
Møtestad:	Digitalt
Dato:	24.08.2021
Tid:	09:00-11:45

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jon Askeland	Leiar	SP
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Torbjørn Vereide	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Morten Klementsens	Medlem	UA
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP

Permisjon frå kl. 11:15

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V
Marthe Hammer	Medlem	SV

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Åsmund Berthelsen	Marthe Hammer	SV
Øyvind Strømmen	Alfred Jens Bjørlo	MDG

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkeskommunedirektør
Ingrid Holm Svendsen	Avdelingsdirektør organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Avdelingsdirektør strategisk utvikling og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse
Bård Sandal	Avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Avdelingsdirektør kultur, idrett og inkludering
Håkon Rasmussen	Avdelingsdirektør mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Avdelingsdirektør infrastruktur og veg
Bertil Søfteland	Seksjonsleiar politisk sekretariat
Silje Lyngstad	Rådgjevar politisk sekretariat/møtesekretær

Saksliste			
Utvalls- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 25/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 26/21	Godkjenning av møteprotokoll frå ekstramøte i fylkesutvalet 15.06.2021	2021/646	
GK 27/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkesutvalet 22.06.2021	2021/646	
	Referatsaker		
RS 70/21	Sarsia Development AS - aksjonærinformasjon første kvartal 2021	2020/41735	X
RS 71/21	Fjord Invest Såkorn AS - aksjonærinformasjon første kvartal 2021	2020/35102	
RS 72/21	Aksjonærinformasjon - Gjensidige Forsikring ASA kjøper utferdarselskapet Flyt AS frå Ferde AS	2020/35317	
RS 73/21	Brev til fylkesordførar om kraftsituasjon i Nordhordland og Vestland frå Regionrådet Nordhordland	2021/6002	
RS 74/21	Resultat frå utlysing av BIO-midlar	2021/7120	
RS 75/21	Brev til kommunal- og moderniseringsdepartementet: Eit samstemt Storting signalisert 15. juni at dei ynskjer rask oppstart av ny veg og bane mellom Bergen og Voss	2021/6002	
	Skriftlige spørsmål		
SI 18/21	Spørsmål frå Hammer (SV) - Trolleybussen Laksevåg	2020/36319	
SI 19/21	Spørsmål frå Hammer (SV) - kven avgjer om ein kjem inn under ordninga TOO tannhelse	2020/36319	
SI 20/21	Spørsmål frå Brosvik, KrF - Landslina for tunge køyretøy	2020/36319	
SI 21/21	Spørsmål frå Andersen (FNB) - Førebygging og beredskap ved tunnelbrann	2020/36319	
	Politiske saker		
PS 164/21	Vedtak planprogram - Regional plan for klima	2021/2254	
PS 165/21	Tilskot til minnesmerke over sjøfolk som segla i handelsflåten under krigen	2021/39151	
PS 166/21	Fråsegn til program for konsekvensutgreiing av Dugongfunnet	2021/22543	

Godkjenningssaker

GK 25/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2021

I medhald av kommunelova § 11-3 første ledd gjorde **fylkesordfører Jon Askeland (SP)** framlegg om å sette RS 73/21 på sakskartet til neste møte som politisk sak. Fylkesutvalet slutta seg samrøystes til dette.

Innkalling og sakliste vart godkjent med merknaden over.

GK 26/21 Godkjenning av møteprotokoll frå ekstramøte i fylkesutvalet 15.06.2021

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2021

Møteprotokoll frå ekstramøte i fylkesutvalet 15.06.2021 vart godkjent utan merknader.

GK 27/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkesutvalet 22.06.2021

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2021

Møteprotokoll frå møte i fylkesutvalet 22.06.2021 vart godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 70/21 Sarsia Development AS - aksjonærinformasjon første kvartal 2021

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2021

Vart referert.

RS 71/21 Fjord Invest Såkorn AS - aksjonærinformasjon første kvartal 2021

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2021

Vart referert.

RS 72/21 Aksjonærinformasjon - Gjensidige Forsikring ASA kjøper utferdarselskapet Flyt AS frå Ferde AS

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2021

Vart referert.

RS 73/21 Brev til fylkesordfører om kraftsituasjon i Nordhordland og Vestland frå Regionrådet Nordhordland

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2021

Vart referert.

RS 74/21 Resultat frå utlysing av BIO-midlar

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2021

Vart referert.

RS 75/21 Brev til kommunal- og moderniseringsdepartementet: Eit samstemt Storting signalisert 15. juni at dei ynskjer rask oppstart av ny veg og bane mellom Bergen og Voss

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2021

Vart referert.

Skriftlige spørsmål

SI 18/21 Spørsmål frå Hammer (SV) - Trolleybussen Laksevåg

Saksprotokoll fylkesutvalet 12.08.2021

Spørsmålet vert svart ut i fylkesutvalet sitt ordinære møte 24.08.21.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2021

Spørsmål får representanten Marthe Hammer (SV)

Det pågår ein debatt på Facebook-gruppa «Herlige Laksevåg» om Trolleybussen på Laksevåg som treng å dobbeltsjekkast når det kjem til tal, kostnadar og rutetilbud. Eg lurar derfor på om administrasjonen kan hjelpe meg med følgjande:

- *Kva er prisen på ny Trolleybusslinje til Laksevåg? Finnes det pris per stolpe/ bussavgang?*
- *Kor mykje av bompengane vert nytta til trolleybusslinja?*
- *For Laksevåg bydel og med bygging av trolleybussen, vert det påstått at det er ein kraftig reduksjon i busstilbodet, stemmer dette? Kvifor, kvifor ikkje?*
- *Kva er auke, reduksjon og endringar i rutetilbodet på Laksevåg, og kva er som følge av den store ruteomlegginga i vår?*
- *Kva fordelar har trolleybusslinja i høve andre busslinjer og når kan ein vente effekten av dette?*
- *Kunne ein bygd trolleybusslinja på ein annan måte, utan dei faste stolpane?*

Svar frå fylkeskommunedirektøren:

- *Kva er prisen på ny Trolleybusslinje til Laksevåg? Finnes det pris per stolpe/ bussavgang?*

Kostnaden med å byggje infrastruktur for Trolleybusslinje til Laksevåg vil bli om lag 125 millionar kroner.

Etablering av trolleybussdrift frå Gyldenpris til Lyngbø inneber oppføring av rundt 250 master og veggfester for montering av køyreleidning. Det blir bygd tre likerettarar for å konvertere og føre straum til køyreleidningen. Ei snusløyfe for trolleybussar er bygd ved endehaldeplass på Lyngbø.

- *Kor mykje av bompengane vert nytta til trolleybusslinja?*

Trolleybusslinja er finansiert gjennom Miljøløftet og midlar frå Enova. Enova støttar prosjektet med om lag 30 millionar kroner, medan dei resterande 95 millionane vert dekkja av Miljøløftet. Midlane prosjektet får gjennom Miljøløftet er fylkeskommunale midlar og ikkje bompengar.

- *For Laksevåg bydel og med bygging av trolleybussen, vert det påstått at det er ein kraftig reduksjon i busstilbodet, stemmer dette? Kvifor, kvifor ikkje?*
- *Kva er auke, reduksjon og endringar i rutetilbodet på Laksevåg, og kva er som følge av den store ruteomlegginga i vår?*

Laksevåg bydel består av fleire lokalområde og ulike reisestrekningar, som er ulikt påverka om omlegginga. Før omlegginga gjekk to busslinjer frå sentrum og til Nipedalen og

Gravdal (linje 16 og 17). Desse linjene gjekk begge kvart tiande minutt i rush, med normale «små» bussar. På den felles traseen over Laksevåg vart det da køyrd kvart femte minutt i rushtida til og frå sentrum. Desse to linjene vart erstatta av nye linje 6 (trolley, leddbuss), som går kvart tiande minutt i rushtid til Lyngbø, og ei lokal busslinje Nipedalen - Lyngbø - Gravdal (linje 44). Samla gjev dette lågare frekvens på hovudstrekninga, men ein køyrer bussar med høgare passasjerkapasitet.

Frå Laksevåg senter er det ein reduksjon i frekvens på kvardagar på 24 avgangar, og auke på 29 og 18 avgangar på laurdag og søndag. Frekvensen frå Nipedalen og Gravdal mot sentrum er som før i rushtida, og høgare utanom rush. Tilbodet mot sentrum frå Nipedalen er auka med 13 avgangar på kvardag, 28 på laurdag og 20 på søndagar. Frå Gravdal er det auke på 14 avgangar på kvardag, 31 på laurdag og 24 på søndag. Nytt er at reisande må bytte på Lyngbø/Nygård. Her kan ein også bytte til busslinjer som går på Rv 555. Nygårdslien har mista busstilbodet som gjekk gjennom området i Lyngbøveien, og må gå ned til Lyderhornsveien/Kringsjåveien til linje 6.

- *Kva fordelar har trolleybusslinja i høve andre busslinjer og når kan ein vente effekten av dette?*

Både Vestland fylkeskommune og Bergen kommune har vedteke at dei ønskjer utsleppsfrie bussar i Bergen. Elektriske bussar er utsleppsfrie og bidreg til reinare byluft og til reduksjon av støy og vibrasjonar samanlikna med dieselbussar.

Fylkestinget i tidlegare Hordaland fylkeskommune vedtok i 2016 at eksisterande trolleylinje skulle forlengast til Laksevåg. Trolleybatteribussar krev større infrastrukturinvesteringar. Dette kan lønne seg på lange linjer med høg passasjerkapasitet og høg frekvens gjennom heile driftsdøgnet og ved at infrastrukturen i framtida kan brukast til lading undervegs på fleire linjer.

- *Kunne ein bygd trolleybusslinja på ein annan måte, utan dei faste stolpane?*

Både på eksisterande trolleybusslinja mellom Birkelundstoppen og Bergen sentrum og den forlengta delen til Laksevåg vert det teke i bruk ny trolleybussteknologi. Bussane har batteripakkar som gjer at dei i periodar kan køyre utan kontaktledningsanlegg.

Når det blir etablert infrastruktur oppnår vi driftsmessige fordelar ved å lade undervegs i staden for å bruke tid på lading på depot. Ein konsekvens er at det vert gjennomført større produksjon med større kapasitet enn om den skulle vore utført av like mange batteribussar.

Trolleybussane på linja mellom Landås og Laksevåg vil køyre på batteri gjennom Bergen sentrum og over Puddefjordsbroen, og ein unngår dermed master og køyreledning på denne delen av linja.

SI 19/21 Spørsmål frå Hammer (SV) - kven avgjer om ein kjem inn under ordninga TOO tannhelse

Saksprotokoll fylkesutvalet 12.08.2021

Spørsmålet vert svart ut i fylkesutvalet sitt ordinære møte 24.08.21.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2021

Spørsmål frå representanten Marthe Hammer (SV)

*«Viser til sak i BA <https://www.ba.no/familiefaren-ma-pante-flasker-for-a-fa-rad-til-tannbehandlingen-uverdige-for-oss-som-samfunns/5-8-1633481>
Saken skrivar om «Erik» som «Som konsekvens av et seksuelt overgrep som 13-åring utviklet Erik tvangshandlinger. Han pusset tennene titalls ganger daglig i flere år. Pussingen gjorde alvorlig skade og for vel ti år siden måtte han trekke de fleste tennene i overkjeven. Erik fikk satt inn bro, og det er denne som nå forvitret.»
Basert på disse opplysningane ser dette ut som ein pasient som har krav på behandling gjennom TOO-ordninga (fylkeskommunal tannhelsebehandling for pasientar utsatt for tortur, overgrep og med odontofobi), men at vedkommande tilsynelatande ikkje har blitt gjort merksam på dette, eller kommet inn under ordninga.*

I BA-saken opplyser Nav følgende:

«Utgifter til tannlege kan regnes som nødvendige utgifter og en del av levekostnader. Når Nav skal vurdere om en søker har rett på støtte til tannlegeutgifter, skal flere forhold vurderes:

Er behandlingen nødvendig?

Må behandlingen gjennomføres med en gang, eller kan behandlingen tas over tid eller utsettes?

Er prisoverslaget fra tannlegen i tråd med Fylkeskommunens fastlagte satser?

*Tannlegens overslag sendes til vurdering hos Rådgivende tannlege i Vestland fylkeskommune. NAV ber Rådgivende tannlege gi en kvalifisert vurdering av tannlegens forslag og sjekke om det er «nødvendig konserverende eller kurativ tannbehandling», om prisene som er oppgitt følger statlige satser og om en kan kreve refusjon fra Helfo.»
I vår vart det opplyst at ventetida på TOO ordninga er på 82 veker, jamfør spørsmål i mars om TOO-ordninga . Dette som eit direkte resultat av manglande tilskotsmidlar frå regjeringa.*

Spørsmål til fylkeskommunedirektøren:

- *Kven har ansvaret for at rettane til TOO-ordninga er kjent for dei pasientane det gjeld?*
- *I saken står det både at «NAV vurderer om en søker har rett på støtte til tannlegeutgifter», og en «Rådgivende tannlege gir en kvalifisert vurdering av tannlegens forslag og sjekker om det er «nødvendig konserverende eller kurativ tannbehandling»
Kven avgjer kva rett til tannhelsebehandling pasiente har, og om pasienten fell innfor eller utanfor TOO-tilbodet, er det den rådgivande tannlegen hjå Vestland fylkeskommune, pasientens tannlege eller NAV som avgjer dette?*
- *Er det forskjellar på ventetida for TOO i fylket, og mellom dei ulike tannhelseklinikkane?»*

Svar frå fylkeskommunedirektøren:

Kven har ansvaret for at rettane til TOO-ordninga er kjent for dei pasientane det gjeld?

Tilskotsmottakarane som organiserer TOO-tilbodet er saman med Helsedirektoratet ansvarleg for å gjere personar i målgruppa kjend med tilbodet. Fylkeskommunane og dei regionale odontologiske kompetansesentera jobbar kontinuerleg for å gjere TOO-tilbodet kjent i tannhelsetenesta, hos samarbeidspartane til tannhelsetenesta og i befolkninga generelt.

Vestland har utarbeida informasjonsmateriell i samråd med Senter for Odontofobi. Det er sendt ut informasjon til aktuelle tilvisarar, og det står informasjon til pasientar på heimesida til fylkeskommunen. Fylkeskommunen har utvikla ein chatbot som svarar ut spørsmål om tannhelse, opplæring og IT. Chatboten svarar mellom anna på spørsmål om angst for tannbehandling og viser vidare til kvar pasientar kan finne meir informasjon. Elevar i vidaregåande skule er hovudmålgruppa til chatboten, men alle som går inn på vlfk.no og undersidene opplæring, IT eller tannhelse kan bruke den.

Vestland er også representert i oppbygging og vedlikehald av den nasjonale nettsida toinfo.no er ei nettside initiert av Helsedirektoratet, der pasientar og samarbeidspartar lett skal finne informasjon om angst for tannbehandling, TOO-tilbodet og kontaktinformasjon til alle tverrfaglege team i landet.

Tverrfagleg team i Vestland har tidlegare vore i kontakt med eit breitt spekter av aktuelle samarbeidspartar innafor helse, asyl og flyktningsmottak, legar, psykologar, psykiatri osv. slik at dei har tilstrekkeleg informasjon til vidareformidle tilbodet til dei som det kunne vore aktuelt for. For tannhelsetenesta er det også naturleg å ta opp TOO med dei faste samarbeidspartane tannhelsetenesta har og i dei fora der tannhelsetenesta deltek. Tannhelsetenesta har formelle samarbeidsavtalar med

- barnevernstenesta,
- helsestasjon- og skulehelsetenesta
- tenester for personar med psykisk utviklingshemming,
- kommunale pleie- og omsorgstenester,
- kommunale, statlege og private institusjonar
- psykiatri- og rusomsorg.

TOO-tilbodet i fylket, med Senter for odontofobi i spissen, har også særskild samarbeid med RVTS, senter mot incest, DPS, psykologar, fastlegar og anna helsepersonell. I tillegg til samarbeid med universitet og andre relevante fagmiljø.

Me jobbar aktivt for å nå alle pasientgruppene innanfor målgruppene, men på grunn av lange ventelister og usikker situasjon pga. korona, så har det ikkje blitt prioritert å bruke mykje ressursar på promotering i 2020. Tilbodet er også etterkvart så pass godt kjent hos samarbeidspartar at same promotering, slik som ved oppstarten av tilbodet, ikkje vert opplevd som riktig ressursbruk når så mange allereie blir tilvist eller tar kontakt på eige initiativ.

Kven avgjer kva rett til tannhelsebehandling pasientar har, og om pasienten fell innafor eller utanfor TOO-tilbodet, er det den rådgivande tannlegen hjå Vestland fylkeskommune, pasientens tannlege eller NAV som avgjer dette?

Verken NAV, rådgjevande tannlegar i Vestland eller tannlegar avgjer kven som fell inn under TOO-tilbodet. Pasienten kan sjølv ta kontakt med eit tverrfagleg team eller be sin lege, psykolog eller andre om å ta kontakt på vegne av pasienten.

Pasienten vil bli sett opp til samtale hos psykolog i Tverrfagleg behandlarteam TOO. Psykologen vil kartlegge kva pasienten syns er vanskeleg med tannbehandling, vurdere om pasienten går inn under TOO-tilbodet og deretter om behandlingstilbodet eignar seg for pasienten.

Psykologane tilsett i TOO-tilbodet er soleis dei einaste som avgjer kven som fell inn i målgruppa og vert omfatta av TOO-tilbodet.

Målgruppa er vaksne personar over 20 år som har vore utsett for tortur eller overgrep (seksuelle overgrep eller vald i nære relasjonar) eller som har odontofobi, jamfør Helsedirektoratet sine definisjonar i rapport IS-1855:

- Torturutsette (punkt 1.9.1 Inngangskriterie tortur)
- Overgrepsutsette (punkt 2.8.1 Inngangskriterie seksuelle overgrep og punkt 2.13.1 Inngangskriterie vald i nære relasjonar)
- Odontofobi (punkt 3.9.1 Inngangskriterie odontofobi), eller blod-skade-injeksjonsfobi

Kvar av tilstandane er sjølvstendige vilkår som åleine gir tilgang til det tilrettelagte tilbodet. Psykolog avgjer kven som fell inn i målgruppene, jamfør dokumentasjonskrav i rapport IS-1855. Barn og unge under 21 år og andre med rettar etter tannhelsetenestelova er ikkje målgrupper i tilskotsordninga, men får liknande tilbod der kostnadane vert dekkja av fylkeskommunen. Flyktingar og asylsøkarar som ikkje er utplassert i ein kommune, er ikkje omfatta av tilbodet jfr. Nasjonal veileder IS-1022 "Helsetjenester til asylsøkere, flyktinger og familiegjeforente".

Stønad frå NAV til tannbehandling

NAV skal vere eit sikkerheitsnett for personar som må betale for tannbehandling sjølv, men som ikkje har økonomi til å dekke tannbehandling sjølv. Fylkeskommunen dekker utgiftene til dei

prioriterte gruppene. Personar som fell inn i målgruppa TOO får dekka ei rehabilitering av tannsettet etter fullført angstbehandling via tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet. Vaksne betalande pasientar som ikkje får dekka tannbehandling via andre ordningar kan søke om å få dekka tannbehandlinga av NAV. NAV sender då kostnadsoverslag til vurdering hos områdeleiarane/rådgjevande tannlege i Vestland fylkeskommunen. Det blir gjort ei vurdering om kostnadsoverslaget er i tråd med gjeldande nasjonale retningslinjer. NAV får ei tilbakemelding på om behandlinga i overslaget er naudsynt og om behandlinga må utførast med ein gong, eller om den kan takast over tid eller utsetjast.

Sosial stønad frå NAV til tannbehandling er ikkje knytt til TOO-tilbodet. NAV er derimot ein samarbeidspart som kan oppmode pasientar som kanskje fell inn i målgruppa til å be om å bli tilvist frå sin lege, psykolog eller tannlege eller oppfordre pasienten til å ta kontakt med TOO-tilbodet sjølv. Både NAV, tannlegen til pasienten eller rådgjevande tannlege oppfordrar gjerne pasientar som kan vere aktuelle i TOO-tilbodet om å ta kontakt med TOO.

Er det forskjellar på ventetida for TOO i fylket, og mellom dei ulike tannklinikkane?

Vestland fylkeskommune har tverrfaglege team ved Florø tannklinikk, Sogndal tannklinikk, Stord tannklinikk og ved Senter ved Odontofobi som er lokalisert ved Årstad tannklinikk og spesialistklinikken på TkVestland. Sjølv om drifta blir sett under eitt og dei ulike lokasjonane støttar kvarandre, så vil ventetida varierer noko frå lokasjon til lokasjon. Kor stor pågang det er på dei ulike klinikkane varierer.

Det er naturleg nok størst pågang ved Senter for Odontofobi, då dei servar heile Bergen og omland. Men her er det også flest tilsette. På dei mindre lokasjonane er det færre tilsette og i mindre stillingsbrøkar. TOO-tilbodet kan vere sårbar ved at sjukefråvær og permisjonar kan gje utslag i ventetida. TOO-tilbodet er eit tverrfagleg tilbod som er avhengig av at alle ledd i behandlingstilbodet er oppe og går til same tid og at alle dei ulike yrkesgruppene involvert er tilstrekkeleg dekka. Dei tilsette har spesialkompetanse som kan vere utfordrande å erstatte ved fråvær og permisjonar. Der bemanninga har vore mest stabil over lengre tid er også ventetida kortast.

Ved for markante variasjonar i ventetid lokasjonane i mellom så blir det vurdert tiltak for å justere dette og neste års søknad om midlar tilpassa slik at det blir søkt om styrking i dei områda der presset er størst. Dei tverrfaglege teama samarbeider også seg i mellom og avlastar kvarandre ved behov. Pasientar kan i periodar få tilbod ved andre lokasjonar enn det som vil vere geografisk nærmast dersom dei ønsker å komme raskare til.

Status på ventetid i TOO

SFO: 10-12 mnd. (pr. august 2021)
TOO Stord: 6-8 mnd. (pr. august 2021)
TOO Florø: 12 mnd. (pr. august 2021)
TOO Sogndal: 6,5 mnd. (pr. januar 2021)

SI 20/21 Spørsmål frå Brosvik, KrF - Landslina for tunge køyretøy

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2021

Spørsmål frå representanten Trude Brosvik (KRF)

«Landslina for tunge køyretøy

Eg er gjort merksam på at fylket får tilskot til å ta inn 30 elevar på landslina for tunge køyretøy i Sogndal, men berre tar inn 24 elevar.

Næringa seier der er ungdom som vil gå der, og at dei har stort behov for fleire sjåførar.

Det er dermed heller ikkje vanskar for elevane å få lærlingplass.

Kva er grunnen til at vi berre tar inn 24, når staten sttt tilskot til klassen er for 30 elevar, og det er søkarar som ikkje får plass? Er det samme stoda på skulen på Os?

Kan vi gjere noko for å gje plass til fleire av søkarane allereie i år?»

Svar frå fylkeskommunedirektøren:

Landslinetilbodet ved Sogndal vgs er godkjent for 30 plassar og har 24 elevar, fordelt på to klassar. Driftstilskot til landslinjer blir utbetalt med 85% på grunnlag av godkjent

kapasitet og 15% på grunnlag av faktisk elevtal. Kursa er på 19 veker, og går både haust og vår.

Avdelingsdirektøren for opplæring kompetanse har vore i kontakt med både Sogndal og Os vgs. Driftstilskotet dekker ikkje på langt nær alle utgiftene til denne opplæringa, fylkeskommunen dekker deler av kostnadane, slik var det også i dei to tidlegare fylka. I tillegg opplyser Os vgs at statleg tilskot til investeringar er halverte og i tillegg har dieselprisane auka kraftig.

Yrkessjåførutdanninga er krevjande, med krav om innmelding av alle gjennomførte kompetansemål på kvar enkelt elev, for at dei skal få sertifikata som trengst for å bli yrkessjåfør. Krav til timetal i bil har auka i læreplanen, dette er lovpålagde timar med ein lærar og ein elev.

Ved Os vgs har dei teke inn ein ekstra elev i kvar av klassane dette skuleåret, totalt 26 elevar, og har godkjenning for 30 elevar. Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse vil dekke desse ekstrakostnadane.

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse skal i dialog med skulane om kva som trengs for å auke kapasitet frå skuleåret 22/23. Sogndal vgs opplyser at inntak av fleire elevar, frå 12 til 15 i kvar klasse betyr auka ressursbehov, både på investerings- og driftsutgifter. Skulen vil trenge ekstra bil og ekstra lærar. Det har vist seg vanskeleg å rekruttere kvalifisert personell til denne opplæringa.

SI 21/21 Spørsmål frå Andersen (FNB) - Førebygging og beredskap ved tunnelbrann

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2021

Spørsmål frå representanten Knut Inge Andersen (FNB)

«Kva er stoda i Vestland når det gjeld førebygging og beredskap ved tunnelbrann?»

Denne veka vart risikoen med tunnelbrann på ny aktuell i samband med ein alvorleg bilbrann i Oppljostunnelen i Stryn. Til alt hell kom alle seg uskadde ut av tunnelen.

Hendinga aktualiserer på ny spørsmålet om korleis det står til med beredskapen når dette skjer. Vestland har til saman over 450 km med tunnel, meir enn noko anna fylke.

Mange av dei lengste tunnelane i landet finst også i Vestland. Det er særleg i desse lange tunnelane ein må rekne med at ein brann har det mest alvorlege potensialet.

Spørsmål til fylkesordføraren:

Korleis arbeider Vestland fylke saman med Statens vegvesen og kommunane i fylket for å

- *kartlegge brannrisiko og iverksetje kompenserte tiltak*
- *koordinere og styrke brannberedskapen*
- *betre trafikantane sin kunnskap om evakuering ved tunnelbrann?»*

Svar frå fylkesordføraren:

Svar på første kulepunkt:

Brannrisikoen i tunnelane er kartlagde gjennom risikoanalysar, som også er ein del av beredskapsplanane til kvar einskild tunnel. Vestland fylkeskommune har også fleire tunnelar som skal oppgraderast etter tunnelsikkerheitsforskrifta, og dette skal gjennomførast basert på omfanget av avvik dei ulike tunnelane har i høve til forskrifta, i tillegg til lengde, stigning og trafikkmengda.

Når tunnelane vert oppgraderte, blir dette gjort med bakgrunn i uavhengige risikoanalysar. Desse risikoanalysane blir deretter nytta som grunnlag saman med tunnelsikkerheitsforskrifta for utarbeiding av tiltaksplan for oppgradering av dei ulike tunnelane.

Når tunnelane vert oppgraderte, eller ved vesentlege endringar som har innverknad på beredskapen, får tunnelane også oppdaterte beredskapsplanar som blir laga i samarbeid med brannvesenet.

Svar på andre kulepunkt:

For nye tunnelar som er lengre enn 1000 meter, og ved vesentlege endringar i konstruksjon, utrustning eller endra bruk, nyttast beredskapsanalysar for å vurdere kva for slags innsats og redning som kan forventast ved den enkelte tunnel. Beredskapsanalysar blir brukt for å få eit betre grunnlag for å utarbeide beredskapsplan, og for å vurdere behov for eventuelle avbøtande tiltak.

Desse beredskapsanalysane vert laga i samarbeid med vegtrafikksentralen, redningsetatane og tunnelforvaltar for å sikre eit best mogleg grunnlag for å koordinere og evt. styrke beredskapen tilknytt til dei enkelte tunnelane. Det er også krav til beredskapsøvingar saman med redningsetatane.

Svar på tredje kulepunkt:

Oppgåva med opplysningskampanjar i samsvar med tunnelsikkerheitsforskrifta låg tidlegare til Vegdirektoratet, og på den måten kom lik informasjon ut til trafikantane i heile landet. Etter at fylkesvegadministrasjonen vart overført frå Statens vegvesen til fylkeskommunane, har det ikkje blitt gjennomført eigne opplysningskampanjar på fylkesveg i Vestland.

Politiske saker

PS 164/21 Vedtak planprogram - Regional plan for klima

Forslag til vedtak

1. Planprogram for Regional plan for klima vert vedteke slik det ligg føre.
2. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å invitere til, og etablere dei ulike gruppene som skal delta i utarbeiding av planen. Politisk samarbeidsgruppe vert leia av fylkesordførar/varaordførar.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2021

Noralv Distad (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

1. Planprogram for Regional plan for klima vert vedteke med slikt tillegg:

Nytt kulepunkt 2.1.1 Redusere klimagassutslepp., Kva skal vi gjere side 8 - 9: Leggja til rette for berekraftig vekstkraft ved å ta i bruk klimavennleg kraft til omstilling og ny næringsaktivitet.

Nytt kulepunkt 2.4 Klimarettferd og folkehelse, kva skal vi gjere side 13: Bidra til løysingar som sikrar verdiskaping, gode tenester og god samfunnsutvikling i alle delar av fylket.»

Terje Søviknes (FRP) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Planprogram for Regional plan for klima blir vedteke med følgjande endringar under definisjon av netto nullutslepp;

- i kulepunkt 1 blir årstal endra fra 2030 til 2050

- kulepunkt 3 blir endra til "Fossile utslepp skal reduserast, og fjernast der det er mogeleg og økonomisk forsvarleg.»

Avrøysting

Søviknes sitt forslag fekk 4 røyster (FRP, U, FNB) og fall.

Distad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 1 vart vedteke mot 4 røyster (FRP, U, FNB).

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 2 vart vedteke mot 1 røyst (U).

Vedtak

1. Planprogram for Regional plan for klima vert vedteke med slikt tillegg:

Nytt kulepunkt 2.1.1 Redusere klimagassutslepp., Kva skal vi gjere side 8 - 9: Leggja til rette for berekraftig vekstkraft ved å ta i bruk klimavennleg kraft til omstilling og ny næringsaktivitet.

Nytt kulepunkt 2.4 Klimarettferd og folkehelse, kva skal vi gjere side 13: Bidra til løysingar som sikrar verdiskaping, gode tenester og god samfunnsutvikling i alle delar av fylket.

2. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å invitere til, og etablere dei ulike gruppene som skal delta i utarbeiding av planen. Politisk samarbeidsgruppe vert leia av fylkesordførar/varaordførar.

PS 165/21 Tilskot til minnesmerke over sjøfolk som segla i handelsflåten under krigen

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 25 000 frå tilleggsløyvingsskontoen til minnesmerke over sjøfolk som segla i handelsflåten under krigen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2021

Avrøysting

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 25 000 frå tilleggsløyvingsskontoen til minnesmerke over sjøfolk som segla i handelsflåten under krigen.

PS 166/21 Fråsegn til program for konsekvensutgreiing av Dugongfunnet

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune har høg merksemd på verdiskaping i fylket.

2. Dugongfunnet ligg som Gjøafeltet i nordleg Nordsjø, som er eit kjerneområde for Neptune Energy. Utbygging og drift av Gjøafeltet har vore heilt sentral for utviklinga til selskapet på norsk sokkel. Ut frå dette viser vi til handsaminga av utbyggingsplanane i 2007, der det ligg klare forventningar om forsyningsbase, helikopterbase, lager, verkstad samt organisasjonsbygging i Florø. Dette er strukturar som utbygging og drift av Dugongfunnet bør dra nytte av.

3. Vestland fylkeskommune viser til aktuelle formuleringar for KU-program i «Veiledning for plan for utbygging og drift av en petroleumforekomst (PUD) og plan for anlegg og drift av innretninger for utnyttelse av petroleum (PAD)» frå 2018. Der står det at skal leggest til rette for positive lokale og regionale ringverknader og at planlagde drifts- og basetenester skal omtalast. Framlegg til KU-program for Dugong er vagt på dette punktet. Vi ber difor om at det blir gjort tydeleg greie for planar for forsyningsbase, helikopterbase, lager og verkstad, samt korleis selskapet sin eigen organisasjon i Florø er tenkt nytta. Vi ber om at planane skildrar både utbyggings- og driftsfasen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2021

Knut Inge Andersen (FNB) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er tilsett i Equinor ASA. Andersen gjekk frå under vurderinga om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Andersen ikkje var inhabil. Andersen tiltredde saksbehandlinga.

Aleksander Øren Heen (SP) sette på vegner av SP, A, MDG, SV, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 1

Ei eventuell utbygging av Dugongfeltet må skje i samsvar med Noreg sine forplikningar i Parisavtala. Fylkesutvalet syner til Vestland fylke sin utviklingsplan som vektar klima, miljø og verdiskaping høgt, og fylkesutvalet forventar ei handsaming i tråd med regionale målsetjingar.»

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 1

Vestland fylkeskommune har høg merksemd på at utbygginga av Dugong gir verdiskaping innan fylket.»

Avrøysting

Øren Heen sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (H, FNB, U, FRP).

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 1 fekk ingen røyster og fall.

Andersen sitt forslag fekk 7 røyster og fall (H, FNB, U, FRP).

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 2 og 3 vart vedteke mot 2 røyster (MDG).

Vedtak

1. Ei eventuell utbygging av Dugongfeltet må skje i samsvar med Noreg sine forpliktingar i Parisavtala. Fylkesutvalet syner til Vestland fylke sin utviklingsplan som vektar klima, miljø og verdiskaping høgt, og fylkesutvalet forventar ei handsaming i tråd med regionale målsetjingar.
2. Dugongfunnet ligg som Gjøafeltet i nordleg Nordsjø, som er eit kjerneområde for Neptune Energy. Utbygging og drift av Gjøafeltet har vore heilt sentral for utviklinga til selskapet på norsk sokkel. Ut frå dette viser vi til handsaminga av utbyggingsplanane i 2007, der det ligg klare forventningar om forsyningsbase, helikopterbase, lager, verkstad samt organisasjonsbygging i Florø. Dette er strukturar som utbygging og drift av Dugongfunnet bør dra nytte av.
3. Vestland fylkeskommune viser til aktuelle formuleringar for KU-program i «Veiledning for plan for utbygging og drift av en petroleumsforekomst (PUD) og plan for anlegg og drift av innretningar for utnyttelse av petroleum (PAD)» frå 2018. Der står det at skal leggest til rette for positive lokale og regionale ringverknader og at planlagde drifts- og basetenester skal omtalast. Framlegg til KUprogram for Dugong er vakt på dette punktet. Vi ber difor om at det blir gjort tydeleg greie for planar for forsyningsbase, helikopterbase, lager og verkstad, samt korleis selskapet sin eigen organisasjon i Florø er tenkt nytta. Vi ber om at planane skildrar både utbyggings- og driftsfasen.